



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
postboks 8036 Dep  
0030 OSLO

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		22967/2012/000/&76	Anne Berit Svenkerud Halle	19.04.2012

## Høyring - NOU 2011:20 - Ungdom, makt og medvirkning

I møte den 26.mars 2012 vedtok fylkesutvalet i Møre og Romsdal følgjande høyringssvar i sak U-32/12 Høyring – NOU 2011:20 – Ungdom , makt og medvirkning.

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal støttar forslaget om å styrke demokratiopplæringa i skolen, og viser til følgjande vedtak i utdanningsutvalet (sak Ud-1/12 ):  
*Ei ordning med både valtorg og debatt/presentasjon blir innført som normalordning ved dei vidaregåande skolane i valår i Møre og Romsdal.*  
*Utdanningsutvalet meiner at Kunnskapsløftet gir rom for politikk-kunnskap og oppfordrar skolane til å la elevane få praktisk erfaring med dette temaet der skolane kan ta inn relevante miljø der det er naturleg etter kompetansemåla i læreplana.*  
*Det innførast ein temadag/temauke i mellomvalår med politikk og samfunn som fokus.*  
*Politiske parti bør både brukast i undervisninga og få besøke skolar for å halde stands på fellesarealet etter avtale med skoleleiinga.*
2. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner at medverknadsorgan for ungdom må bli lovfesta både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Fylkesutvalet støttar Stortinget sitt arbeid med Ungdommens Storting, og meiner organet vil vere viktig for å påverke nasjonal ungdomspolitik. Dette er nødvendig for å formalisere medverknad for ungdom og få til ei brei rekruttering av ungdom til desse utvala.
3. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vil særleg ta fram betydninga av medverknadsorgan på regionalt nivå, her under møte- og talerett for 2 representantar frå elevråd og 2 frå Ungdommens fylkesting i utdanningsutvalet. Ungdomspanelet vårt har i fleire år hatt som eit av sine prioriterte mål å arbeide for velfungerande ungdomsråd i kommunane. Fylkeskommunens koordinering av dette arbeidet, med opplæringstiltak og erfaringsdeling, har hatt klar positiv effekt for kommunane sitt arbeid med ungdomsmedverknad.
4. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner at lovfestinga likevel må opne for egne lokale måtar å organisere arbeidet på. Dette ut frå at kommunane og fylka er geografisk og folketalsmessig svært ulike. Til dømes ønskjer vi å vidareføre vår organisering av Ungdommens fylkesting og Ungdomspanelet , då både våre ungdommar og andre som har kjennskap til arbeidet i Ungdomspanelet og Ungdommens fylkesting finn at dette har ei teneleg form i dag. Det er ikkje eit ønske å gå over til regionale ungdomskonferansar etter modell frå Nord-Trøndelag.

5. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal sluttar seg til fleirtalet i utvalet, og meiner at røysterettsalderen inntil vidare bør vere 18 år både ved nasjonale og lokale val.
6. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal støttar forslaget om auka forskning på det digitale medborgarskapet og makta som ligg i dette.

Med helsing



Jon Aasen  
fylkesordførar